



DOVRE KOMMUNE

Invitasjon til arbeidsmøte med Planbussen ved NTNU

Dovre kommune og NTNU har i samband med prosjektet Dovre tettstad, inngått ei forpliktande avtale omkring masteremnet "Planbussen" ved Institutt for arkitektur og planlegging. Arkitektstudentane kjem til Dovre 21.-22.mars og Planbussen og kommunen ynskjer i dette høvet å inviterer til arbeidsmøte mellom studentane og aktørar og innbyggjarar i Dovre. Du/dykk er derfor velkomne til:

Toftemo turiststasjon, kaféen, tysdag 21.mars Kl. 19.00 - ca. 21.00

Studentane står fritt i høve til val av oppgåver, med dei er oppmoda om å arbeide med problemstillingar definert i tettstadsprosjektet. Kommunen forventar at oppgåvene vil gje ny innsikt og nye idear knytt til Dovre tettstad.

Agenda for møtet:

Det blir ynskt velkommen
Presentasjon av Planbussen og studentane
Presentasjon av oppgåver Planbussen jobber med
Innspeil frå salen og arbeidsverkstad

Mykje av arbeidsverkstaden kjem til å gå føre seg på engelsk, sidan Planbussen er ei internasjonal gruppe. Kursleiar og kommuneplanleggar kan omsetje, om nokon ynskjer å bruke norsk.

Vi beklagar at invitasjonen kjem noko seint, men håper at mange har lyst og høve til å stille på møtet, og slik bidra inn i arbeidet med utvikling av Dovre tettstad!

Velkommen!

